



Fjellgarden Pytten

Pytten Mountain Farm

Fjellgarden Pytten ligg langt inne på heia mellom Bygland og Åseral. Garden vart busett på slutten av 1700-talet og hadde fast busetnad fram til 1952. Det er framleis delvis drift på denne veglause garden.

Pytten Mountain Farm is located way up in the hills between Bygland and Åseral. The farm was established at the end of the 1700s and there was a permanent settlement there until 1952. This isolated farm continues to see partial farming operations.

Pytten ligg langt inne i fjellet, om lag 18 km sørvest for Hegland i Bygland kommune. Lettaste tilkomst i dag er inn driftevegen langs Langevatn på Ljosland i Åseral. Pytten var først ein støy, men vart husmannsplass frå 1788. Pytten vart etter kvart eit sjølvstendig bruk og det budde folk på den veglause garden fram til 1952. I dag er det barnebarnet etter Torjus Pytten som driv garden. Frå 2015 har Jan Ove Pytten Flodquist tatt opp att slåttan på innmarka og brukar Pytten til beite for telemarksf.

Pytten is located deep in the mountains, approximately 18 km southwest of Hegland in Bygland Municipality. The easiest access to the farm today is the cattle road that runs along Langevatn lake at Ljosland in Åseral. Pytten was first used as a summer mountain farm, but became a crofter's farm in 1788. After a while, Pytten became independent and people lived at the isolated farm until 1952. Currently, Torjus Pytten's grandchild runs the farm. From 2015, Jan Ove Pytten Flodquist has produced hay on the cultivated land and uses Pytten to graze his Telemark cattle.

Så lenge det budde folk på Pytten var villreinjakt og snarefangst av rjupe ein viktig del av livberginga. Det låg store fjellområde til garden og utmarksressursane var heilt avgjerande for busettinga. Den kjende fjellkaren Torjus Pytten (1912-1994), har fortalt at reinsdyrkjøtt både var viktig som mat gjennom vinteren og får å bytte til seg andre bruksvarer.

As long as people have been living at Pytten, wild reindeer hunting and ptarmigan snaring were important sources of sustenance. The farm is surrounded by vast mountainous areas and the resources found there were crucial to the inhabitants. The famous mountain man called Torjus Pytten (1912-1994) stated that reindeer meat was an important food source throughout the winter and could also be traded for other useful goods.

I tillegg til gardsdrifta tok dei og i mot fotturistar frå slutten av 1800-talet. I 1912 vart det sett opp ein bygning som seinare vart brukt til dette føremålet. Denne kan ein sjå til venstre på fotoet. Pytten turiststasjon var i drift frå om lag 1920 og fram til Pytten vart fråflytta i 1952. I dag ligg Pytten etter turistløypa mellom Ljosland og turistthytene Gaukhei og Josephsbu.

In addition to farming, they also accommodated hikers from the late 1800s. In 1912, a building was erected that was later used for this purpose. Pytten tourist station was in operation from around 1920 until Pytten was abandoned in 1952. The tourist station is to the left in the picture.

See www.svr.no for more information

For meir informasjon, sjå www.svr.no



Kartinformasjon Map info

- i** Informasjon
Information
- P** Parkering
Parking
- Overnatting**
Accommodation
- A** Campingplass
Camping
- Turisthytte sjølvbetjent**
Self-served tourist cabin
- II** Serveringstads
Café/restaurant
- ☺** Enkel servering
Refreshments
- ⚙** Severdighet
Attraction
- 👤** Sommerstiar
Hiking trails

Fjellgarden Pytten.
Pytten Mountain Farm.
Foto: SVR





Lusaheia
landskapsvernområde

Kom nær inn på historia i Jensahidleren

Get a closer understanding of
the history of Jensahidleren

Jensahidleren er mest kjent som ein jakthidler, men den har og vore i bruk i samband med gjeting og ferdsla over fjellet mellom Ryfylke og Setesdalen.


Jensahidleren is best known as a hunting shelter, but it has also been used during the herding of livestock and when people traveled over the mountains between Ryfylke and Setesdalen.

Mykje tydar på at Jensahidleren har fått namnet sitt etter Jens Jenson Børkja (1840-1916), som leide beite i område ein gong i siste halvdel av 1800-talet. Jensahidleren er likevel mykje eldre enn dette. Jegerar frå Suldal og Hjelmeland som vitna for Rogaland Amt sin Heiekommisjon i 1903, omtala den som ein eldgamal jakthidler. Jensahidleren ligg og nær den mykje bruka ferdsleveggen mellom Førre og gardane ved Botsvatnet i Bykle, og har nok vore brukt til overnatting i samband med ferdsla over fjellet. I 2020 vart det utført arkeologiske registreringar i Jensahidleren, men det vart ikkje gjort funn som gjorde det mogleg å tidfeste bruken av hidleren. I 2020 vart hidleren sett i stand av Hjelmeland fjellstyre.

There are many indications that Jensahidleren was named after Jens Jenson Børkja (1840-1916), who rented pasture in the area sometime in the latter half of the 1800s. However, Jensahidleren is much older than this. Hunters from Suldal and Hjelmeland, as witnesses for Rogaland County's Mountain Commission in 1903, referred to it as an ancient hunting shelter. Jensahidleren is also located close to the busy thoroughfare between Førre and the farms at Botsvatnet lake in Bykle, and has most likely been used for overnight stays in connection with journeys over the mountains. In 2020, archaeological investigations were carried out in Jensahidleren, but nothing was found that could help date the use of the stone shelter. Hjelmeland Mountain Board restored Jensahidleren in 2020.

For meir informasjon, sjå www.svr.no

See www.svr.no for more information



Kartinformasjon Map info

Turisthytte selvbetjent
Self-served tourist cabin

Fornminne
Ancient cultural heritage site

Sommerstier
Hiking trails



Jensahidleren.
Foto: Suldal foto



Jensahidleren etter restaurering i 2021.
Jensahidleren after it was restored in 2021.
Foto: Kjell Ove Nerheim



Dyrhaeio
landskapsvernområde

Jordhyttene i Dyrhaeio

Midt inne i Dyrhaeio, i grensetraktene mellom Suldal og Bykle, vart det i løpet av 1800-talet reist ti bygningar som lokalt blir kalla jordhytter. Namnet kjem truleg av at dei små steinbuene delvis var grove inn i bakken.

Alle desse jordhyttene vart truleg bygd av reinsdyrjegerar, og vart brukt som overnattingsstad under villreinjakta. Det er grunn til å tru at villreinjakta i dette området tok seg opp frå slutten av 1700-talet, og at det derfor vart behov for betre stader å overnatte enn i dei mange jaktidlerane i område. Samanlikna med ein hidler var jordhyttene både tørre og lune, og gjorde overnatting i høgheia langt mindre krevjande.

Den eldste jordhytta vi kjenner byggjearet til er Leirdalshytta, som vart sett opp i 1810 av villrein- og bjørnejegeren Lars Kvitanes (1766-1838). Jordhyttene ved Undeknutvatnet, i Slettedalen og Saksehuset ved Store Urdevatn er truleg om lag like gamle, mens jordhyttene i Breiavad, Stranddalen, Grjotdalen, Steinkilen og Grjotdokki vart bygd i tidsrommet 1850-1910.

I dag kan du framleis oppleve nokre av jordhyttene. Hyttene i Steinkilen, Breiavad, Grjotdalen og Grjotdokki blir jamleg vedlikehaldne, og står om lag slik som når dei vart bygd. Mens hyttene i Leirdalen og Stranddalen nå er bygd opp att etter at dei gjekk ut av bruk tidleg på 1900-talet. Av hytta i Slettedalen og hytta til Dynjaren er det berre tuftene som står att. Tuftene av Saksehuset vart demd ned under den siste reguleringa av Store Urdevatn, men det er mogleg å sjå dei når vasstanden er låg. Hytta ved Undeknuten ligg nå på botn av Blåsjø.

For meir informasjon, sjå www.svr.no

The stone shelters in Dyrhaeio


Right in the middle of Dyrhaeio, along the border area between Suldal and Bykle, ten stone shelters were built during the 1800s. These small stone shelters were partly dug into the side of a hill or slope.

All of these shelters were probably built by reindeer hunters and were used as places to stay the night during the hunt. There is reason to believe that wild reindeer hunting in this area became more common towards the end of the 1700s, and that there was therefore a need for better places to spend the night than under the many rocky mountain overhangs in the area. Compared to a rocky overhang, the stone shelters were both dry and warm, and made spending the night in the mountains far less demanding.

The oldest stone shelter we know of is Leirdalshytta cabin, which was built in 1810 by the wild reindeer and bear hunter Lars Kvitanes (1766-1838). The stone shelters at Undeknutvatnet lake, in Slettedalen valley and Saksehuset at Store Urdevatn lake are probably about the same age, while the stone shelters in Breiavad, Stranddalen valley, Grjotdalen valley, Steinkilen and Grjotdokki were built in the period 1850-1910.

Today, you can still experience some of these stone shelters. The cabins in Steinkilen, Breiavad, Grjotdalen valley and Grjotdokki are regularly maintained, and are in pretty much the same condition as when they were built. However, the cabins in Leirdalen valley and Stranddalen valley have now been restored and improved after falling out of use in the 1900s. Only the foundations remain of the cabins in Slettedalen valley and Dynjaren. The foundations of the cabin at Saksehuset were submerged under water when Store Urdevatn lake was last dammed, but it is possible to catch a glimpse of the shelter's remnants when the water level is low. The cabin at Undeknuten now lies at the bottom of Blåsjø lake.

See www.svr.no for more information



Kartinformasjon Map info

- Parkering Parking
- Turisthytte betjent Serviced tourist cabin
- Turisthytte sjølvbetjent Self-served tourist cabin
- Tursti Hiking trail
- Kulturminne Cultural heritage site
- Fornminne Ancient cultural heritage site
- Sommerstier Hiking trails



Storhedder – eit veidemannssentrum i Dyreheii

Storhedder – a center for hunters in Dyreheii

Områda rundt den underjordiske hellingen Storhedder og den karakteristiske Skutesteinen, har vore eit sentrum for jakt og fangst av villrein frå jernalderen og heilt fram mot vår tid.

The area around the underground rock shelter called Storhedder and the characteristic Skutesteinen rock has been a center for hunting and trapping wild reindeer from the Iron Age all the way up to the present.

I ein radius på om lag 3km frå Storhedder var det anlagt ikkje mindre enn ni dyregraver og to bogesteller. Dei fleste av dyregravene i Setesdal Vesthei ser ut til å ha vore i bruk i løpet jernalderen og mellomalderen (200-1350 e. Kr.f.). På Skutesteinen er det i tillegg til den kjente runeinskripsjonen, og rissa inn fleire reinsdyr og ulike symbol som er knytt til jakt. Desse inskripsjonane er tidfesta til mellomalderen (1050-1350 e. Kr.f.). Storhedder er og staden der Salmund Breive, etter den kjende segna, skaut trollbukken Ringeball. Salmund Breive er ein historisk person som levde i Bykle på 1600-talet.

In a radius of approximately 3 km from Storhedder, no less than nine pitfall traps and two hunting hides for archers were built. Most of the pitfall traps in Setesdal Vesthei seem to have been in use during the Iron Age and Middle Ages (200-1350 AD). In addition to the famous runic inscriptions on Skutesteinen, several reindeer and various symbols associated with hunting are carved into the rock. These inscriptions are dated to the Middle Ages (1050-1350 AD). According to the famous folk tale, Storhedder is also the place where Salmund Breive shot the troll-goat called Ringeball. Salmund Breive is a historical figure who lived in Bykle during the 1600s.

Områda ved Storhedder er framleis viktige for villreinstamma i Setesdal Ryfylke og eit godt jaktområde.

Today, the area around Storhedder is still a wild reindeer habitat in Setesdal Vesthei and a good hunting area.

See www.svr.no for more information

For meir informasjon, sjå www.svr.no



Runeinskripsjonen på Skutesteinen. Her står det: «Eg vil velje meg den fagreste maya i verda». Runic inscriptions on the Skutesteinen rock. The inscription says: "I want to choose the most beautiful maiden in the world".
Foto: Kjell Helle Olsen


Kartinformasjon Map info



Turisthytte selvbetjent
Self-served tourist cabin



Fornminne
Ancient cultural heritage site



Sommerstier
Hiking trails



Skutesteinen ved Storhedder.
The Skutesteinen rock at Storhedder.
Foto: Sindre Foss



Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane
landskapsvernområde

Tolvmannshelleren

Tolvmannshelleren

Tolvmannshelleren er ein kjent overnattingsstad etter den gamle ferdselsvegen over Haukelifjell mellom Vågslid og Røldal. Helleren er ganske stor, men ikkje fullt så romsleg som namnet skulle tyde på.

Tolvmannshelleren (Twelve-man overhang) is a well-known overnight-stop along the old road over Haukelifjell between Vågslid and Røldal. The rocky overhang is rather large, but not quite as spacious as the name would suggest.

Namnet Tolvmannshelleren har truleg sitt opphav frå hovrettsassessor J. E. Ernst sin beretning frå ein tur over Haukeli i 1704. Her skriv han at «... herberget ved Ulfvadet var et stort hull under en heller, hvor vel 12 personer kunne trykke seg sammen, og bøndene om natten ligger, naar de ei kan naa over.» Tolvmannshelleren er ikkje ein heller i vanleg forstand, men består av eit mura tak mellom nokre store steinar. At det skal være plass til tolv mann inne er ei overdriving, men det er likevel ein lunare overnattingsstad enn hellerare som Usmundssteinen og Peparsteinen, som var dei andre alternativa ved Ulevåvatnet.

Bruken av Tolvmannshelleren og dei andre hellerane tok meir eller mindre slutt når statens første fjellstove «Ulevåbu» kom på plass i 1860 åra. I 1870 vart og den betente fjellstova Haukelisetser bygd, og køyrevegen over Haukelifjell stod ferdig i 1889.

Sjølv om murane kan ha rasa litt saman er hellerane framleis godt synlege, og dei ligg der som ei påminning om tider da turen over fjellet var meir krevjande enn den er i dag.

For meir informasjon, sjå www.svr.no

It is most likely that the name Tolvmannshelleren has its origins from court judge J. E. Ernst's account of a trip over Haukeli in 1704. He writes "... the shelter at Ulfvadet was a large hole under a rocky overhang, where about 12 people could huddle together, and the farmers could spend the night when they didn't manage to cross the mountains..." Tolvmannshelleren is not a rocky overhang in the usual sense, but instead consists of a walled-up roof between some large boulders. Having enough space for twelve men is a bit of an exaggeration, but it nevertheless provided more shelter than overhanging rocks such as Usmundssteinen and Peparsteinen, which were the other alternatives at Ulevåvatnet lake.

The use of Tolvmannshelleren and the other rocky overhangs pretty much came to an end when the state's first mountain lodge called 'Ulevåbu' was built in the 1860s. In 1870, the staffed mountain lodge called Haukelisetser was also built, and the road over Haukelifjell was completed in 1889.

Although some of their walls have fallen down, the rocky shelters are still easy to spot, and they lie there as a reminder of times when the trip over the mountains was more demanding than it is today.

See www.svr.no for more information



Tolvmannshelleren.
Foto: SVR





Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane
landskapsvernområde

Dyregravene i Ståvatn

The pitfalls traps at Ståvatn lake

Tidlegare gjekk det eit viktig villreintrekk over Ståvatn, og to dyregraver var bygd for å fange dyra der vatnet var på det smalaste. I dag er ikkje villreintrekket i bruk lenger og dyregravene ligg på botn av Ståvatn.

In the past, there was an important wild reindeer migration route that crossed Ståvatn lake, and two pitfall traps were built to catch the animals where the lake was at its narrowest. Today, the wild reindeer migration route is no longer in use and the pitfall traps are submerged under water at the bottom of Ståvatn lake.

Før Ståvatn vart heva med 13m i 1958, var vatnet på sitt smalaste ved Gautesnes. Over det smale sundet, ein kilometer vest for Haukeliset, gjekk det frå gamalt av eit viktig villreintrekk mellom Setesdal Ryfylke og Hardangervidda. På begge sider av sundet var det anlagt dyregraver som utnytta den regelmessige trekkaktiviteten. Desse to dyregravene var rektangulære og hadde fangstkammer som var mura opp av steinheller. Gravene var 2m lange, 1,5m breie og 1,5m djupe. Den sørlegaste av dyregravene hadde hatt ledegjerder som gjekk ut frå hjørna av grava. Dei fleste dyregravene i dette område var i bruk i løpet jernalderen og mellomalderen (200-1350 e. Kr.f.).


I dag kan desse dyregravene framleis være synlege når magasinet er heilt nedtappa.

For meir informasjon, sjå www.svr.no

Before the water level of Ståvatn lake was raised by 13 meters in 1958, the lake was narrowest at Gautesnes. Across the narrow strait, one kilometer west of Haukeliset, there used to be an important wild reindeer migration route between Setesdal Ryfylke and Hardangervidda mountain plateau. On both sides of the strait, pitfall traps had been built that took advantage of the regular migratory activity. These two pitfall traps were rectangular and had pits that were walled-up using stone slabs. The traps were 2 meters long, 1.5 meters wide and 1.5 meters deep. The southernmost of the pitfall traps also had guiding fences that ran out from the corner of the pit. Most of the pitfall traps in this area were in use during the Iron Age and Middle Ages (200-1350 AD).


Today, these pitfall traps are submerged under water at the bottom of Ståvatn lake. However, they can still be seen now and again when the water level is at its lowest.

See www.svr.no for more information



Kartinformasjon Map info

- Turisthytte betjent
Serviced tourist cabin
- Turisthytte selvbetjent
Self-served tourist cabin
- Turisthytte ubetjent
Unmanned tourist cabin
- Dyregraver, fornminne
Pitfall traps, ancient cultural heritage site
- Sommerstier
Hiking trails



Vannstand 2022
2022. Kartdata: © Kartverket, © Riksantikvaren
Flyfoto: Kartverket WF-0828.1956